



Sauelokk på bøen til Jon Harald Kjærland

Sauene skal heim frå fjellet. Samlinga på Fjellhaugen og Bjørnebøle startar i morgon, laurdag, kl. 8.

Sankelaga har i god tid klargjort for samlinga med vedlikehald på kviene, gjort traktorar og hengarar klar. Noko sau er alt kome ned og beitar langs vegen frå Fjellhaugen og innover forbi Grønningen. Med det varme og fine veret vi har hatt i det siste er det store sauelokkar att i fjellet. Saueeigarane frå Uskedalen samlar sine dyr på kviene ved Ågotelv, i Stakkabotn og på Skifte (Brandvikjo). Beitelaget er inndelt i tre sankelag etter kva kvier dei høyrer til.

Mykje sau frå Hauglandsfjellet og Solfjell er alt kome heim på beite.

Teskt og foto: Kristian Olav Bringedal